


Årsmelding 2023

Fjell sokn





ÅRSMELDING FRÅ FJELL SOKNERÅD



Eigil Nødtvedt
Soknerådsleiar

Helsing frå leiaren

2023 vart enda eit annleisår for Fjell kyrkje, men også eit spanande år. Vi hadde lagt pandemien bak oss, dei fleste aktivitetane var komne godt i gang igjen, og vi starta opp den nye gjevartenesta til barne- og unge-arbeidet i januar. Men tidleg på sommaren vart kyrkjesalen stengt heilt ned då Akasia AS starta

opp renoveringsarbeidet av taket. Så slutta den flotte kantoren vår i august, vi gjennomførte nytt kyrkjeval i september, det nye soknerådet tok over i oktober og vi tilsette ny organist i desember. Hjarteleg takk til alle kyrkjegjengarar og medarbeidarar for eit godt 2023!

Soknerådet sin årsrapport

Visjonen til Fjell sokneråd dei siste fire åra har vore **Nær Gud, nær menneske - ved å:**

- forkynne Kristus
- byggje kyrkjelyd
- fremje rettferd

Dette er mål vi har jobba etter i fleire år og er glad over å sjå at det har vore mogleg å halde opp trykket både gjennom dei to pandemiåra og parallelt med det store rehabiliteringsarbeidet.

Samansetjinga av rådet

Soknerådet for 2019-2023 fram til 19. oktober:

- Jorunn Småbrekke Gjersvik (leiar)
- Ragnhild Andersland (nestleiar)
- Arvid Nese (fellesrådsrepresentant)
- Søgne Lillevik Nilsen
- Helge Nilsen
- Eigil Nødtvedt (vararepresentant til fellesrådet)

Varamedlemmar:

Rachael Lorna Tufft, Hildegunn Romarheim Heie, Gyri Ann Lie, Anne Elisabeth Hornnes, Hans Kristian Hornnes

Soknerådet for 2023-2027 frå 19. oktober:

- Eigil Nødtvedt (leiar)
- Søgne Lillevik Nilsen (nestleiar)
- Arvid Nese (fellesrådsrepresentant)
- Harald Pedersen Fylling (vararep. til fellesrådet)
- Svein Jarle Yndestad Eide
- Magny Bjørsvik

Varamedlemmar:

Gerd Fjeld Andersen, Hans Kristian Hornnes, Gyri Ann Lie, Paul Edvin Marhaug, Sigrun Bergsvik

Sokneprest Per Hjemdal er fast medlem i soknerådet. Sokneteamsleiar Anne Ludvigsen Kaldestad har møtt i aktuelle saker for dei tilsette og diakon Astrid Fylling i aktuelle saker for diakonien.

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 12 møte, ni i det gamle og tre i det nye rådet (pluss ekstra-møte i mars og desember), og behandla 120 saker. Viktige saker har mellom anna vore:

- Den nye gjevartenesta til barne- og ungdomsarbeidet
- Misjonsprosjektet Thailand/Laos
- Ny biskop i Bjørgvin
- 150-årsjubiléet for Fjell kyrkje
- Renovering av Fjell kyrkje
- Utbetring av inventaret i kyrkjesalen
- Gudstenesteliste, hausttakkefest, julegudstenester, juletreffest
- Offerlister og halvårsplanar for frivillige medarbeidarar
- Konfirmasjonane
- Gospel-søndagskveldane
- Soknerådsvalet
- Fastsetjing av liturgi
- «Aksjon drop-in-dåp» og «Aksjon Godheit»
- Ope kyrkje, «Treffpunkt Fjell», tema-/retreatkveldar om onsdagane
- Frivilligdagane på Sartor senter vår og haust
- «Kyrkja vår»- ein ny heilskapleg kyrkjelydsplan for soknet
- Tilsetjing av ny kontor
- Økonomi, rekneskap og budsjett
- Fellesmøte med sokneteamet

Onsdagsføremiddagane har kyrkja vore open med tilbod om mat & prat, tur & tru, bøn & fellesskap, samt tre dagar med «Treffpunkt Fjell» og ein kjekk heildags busstur til Hardanger. Onsdagskveldane har det vore bibeltimar, kåseri, salmekveld, retreat og kveldsbøn – gjerne med kveldsmat til.

Langfredag var det igjen korsvandring langs kyrkjevegen frå Morland til gudsteneste i Fjell, i år med 30 vandrarar.

Undergrupper og utval

Over 50 frivillige har mellom anna drive:

- Søndagsskulen
- Barnekoret
- Frivilligutvalet
- Informasjonsutvalet
- Basargruppa
- Onsdagsgruppeutvalet
- Retreat-gruppa
- Julefestgruppa
- Aksjon Godheit-gruppa

Andre spesielle saker

Ei viktig hending har vore oppstarten av det nye felles kyrkjelydsbladet «Himmel&hav» som rakk å kome ut med to nummer allereie første hausten- svært vellukka!

Eit viktig årleg tilbod er invitasjonane til 3. klassingane på Knappskog, Kolltveit, Skålevik og Ulveset skular. Her har det vore mange kjekke møte mellom skule og kyrkje.

Eit viktig tema var oppstart av den felles vervekampanjen for dei 5 sokna i Øygarden – «Saman om barne- og ungdomsarbeid». Fjell kyrkjelyd er forplikta på kvart år å samle inn kr 115.000,- til B-/U-arbeid i søndagsskule, barnekor, Tweens, konfirmantar, leiartreningskurs, Basecamp mm.

No gler vi oss til å sjå kyrkja vår stå strålende og fin til 150-årsjubiléet hausten 2024, nyoppussa utandørs, både synleg og usynleg (og kan hende noko innandørs)!



ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Per Hjemdal
Sokneprest

Årsmelding 2023 – det blir eit brokete bilete. Eg opplevde meg sjølv framleis som ny i Fjell det 1. halvåret, sidan eg tok til som sokneprest først i oktober 22. Men ikkje før eg byrja bli litt varm i trøya, så blei kyrkja stengt for den store restaureringa, planlagt å vare eit heilt år.

Eg kunne heldigvis gleda meg over eit godt sokneråd med mange gode folk når eg kom til Fjell, men dei var på oppløpssida av sin valperiode fram mot nytt soknerådsva hausten 2023. Eg er takknemleg for at fleire velte å ta ein ny periode, for det skapar kontinuitet. Og dei nye som kom til, fyller plassane sine på godt vis, så det er bra.

Etter at kyrkja blei stengt i juli, har vi hatt store praktiske avgrensingar på gjennomføring av kyrkjelydens liv. Å ikkje ha tilgang til kyrkjerommet, var til å byrje med greitt nok, men etter eit halvt år, var det eit stort sagn.

Sjølv om kyrkjelydssalen har fungert overraskande godt som gudstenerom, har vi jo hatt tilgang til den berre på kveldstid. Dette har vore ein ekstra belastning. I møte med konfirmantane er det eit stort sagn å ikkje ha kyrkja tilgjengeleg. Eller kanskje det like mykje er saknet av kyrkjelydssal som ekstra lokale som har vore merkt. Og å ha konfirmasjonsgudstener i ei anna kyrkje, er ikkje like godt.

Rommet har heller ikkje den same folkekyrkjelege appell som kyrkjerommet. Særleg tydeleg var det når julaftan kom og det til saman berre møtte drygt 200. På eine gudstenesta var vi 60 til stades. Også talet på dåp har blitt redusert. Gravferder er blitt mykje meir tidkrevjande, med køyring frå Foldnes til Kleivane.

Samtidig har kyrkjelydssalen fungert ganske bra ut frå premissane. Trongen for å flytte rundt på dei tunge stolane har avgrensa seg til nokre får gongar – dvs. basar, "fest på kjerka", julefest. Den delvise ommøbleringa som har vært gjort for å få på plass konfirmasjonsundervisning osv., har gått greitt. Å ha ein dyktig kyrkjetenar som har nytta høvet til å male og gjere det fint, er veldig kjekt.

Like eins har det mindre lokalet gitt ei god kjensle av å komme tettare på. Å stå tett saman i nattverdkø, eller sitte i eit rom som er ganske så fullt, det er godt. For meg som sokneprest har det vært kjekt å få stå bak alteret, vendt mot kyrkjelyden, og dermed få større kontakt med folk i kyrkja. Eg er imponert og takknemleg for fleksibiliteten dei gode medarbeidarane har vist når dei har snudd seg rundt og raskt skipa til kyrkjekaffi med nokre bord og stolar.


Denne kjensla av å stå saman i ei litt krevjande tid, vil vere viktige å ta vare på når vi hausten 2024 igjen tar kyrkja i bruk.






STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



Pr. 31.12.2023 er det
7031 medlemmer i
Fjell sokn.

ANTAL DØYPT E



Søylene visar
det totale antal
gudstenestedeltakarar
og antal døypte i Fjell
sokn sidan 2018.



ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Samarbeid med skular og barnehagar

2023 har vært eit annleis år også i denne sektoren.

Skulane

Kyrkjevandringar for 3. klasse vart gjennomført som planlagt i januar i Fjell. Alle skulane kom til vandringane. Det er verdifullt å la barna bruke ein heil føremiddag på oppdagingsferd saman med tilsette og frivillige pedagogar. Kyrkja fekk også gjennomføre vandringar på gravplassen i mai. Alle 2. klassane kjem til dette opplegget, og får omvisning lokale kyrkjegardar. 5. klassane har tilbod om kurset Bibelsporet (tidlegare Vandring gjennom Bibelen). Her får dei fire skuletimar med oversikt over Bibelsoga.

Skulane gjev gode tilbakemeldingar, og er takksame for opplegga vi har saman med dei. I advent fekk skulane besøk med gudstenester der, etter ynskje frå skulane sjølv. Dette vart gjennomført på skulane: Skålevik, Knappskog, Kolltveit og Ulveset.

Barnehagane

Påskevandringar er eit høgdepunkt om våren. Barna får saman oppleve ei vandring frå dag til dag i påska. Og forteljinga om Jesus fasinerer. Gjennom forteljing, song

og musikk på ulike tilrettelagde stasjonar får dei oversikt over påskeforteljinga.

Barnehagane fekk i advent besøk frå tre frå staben: "Dei tre vise menn". Dei kom med forteljing, song og dramatisering. Det var fint å møte barn og tilsette på heimebane i deira samlingsstunder. Dette fekk vi gode tilbakemeldingar på.

Open kyrkje

Første del av året kom barnehagar i nærmiljøet innom kyrkja si jamnleg. Det har blitt ein del av deira vekerytme å stikke innom kyrkja når dei er på tur. I vår fekk nokre vere med på demontering av det gamle altarbilete, og slik ta farvel med kyrkja si før ho stengede ned. Barna frå Gardstunet hadde fine teikningar med. Det er rørende å sjå kor viktig kyrkja er for barna kring Fjell. Her kan dei kome innom når dørene er opne. Og slik får dei eit naturleg forhold til både huset og dei tilsette.

T-dagen og FUNK

Trusopplæringsprogrammet «T-dagen» er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Det betyr mellom anna at der T-dagen vert arrangert i eller ved éi av kyrkjene, er barna og ungdomane i dei to andre sokna også invitert.



FUNK er forkorting for «For Ungdom i Kyrkja», og er namnet på det ungdomsarbeidet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane som samarbeidar om mykje av ungdomsarbeidet: Konfirmantarbeidet, leiarkurset, turar og leiarweekend, Adventfest og Sommarfest.

Også i 2023 har alle døypte og tilhøyrande blitt inviterte til T-dagane. Det er variert oppslutning om T-dagane. I år har vi måtta flytte mange store T-dagar (T10-Tweens, T12-Lys Vaken og T9- Tårnagent) til Landro og Foldnes. Vi har sett at det har vor mindre oppslutning ifrå Fjell sokn, men trur på ein oppsving når kyrkja vær ferdig restaurert, og vi får kyrkja vår tilbake.

Babysong har hatt sine samlingar i barnehagen i haust, men vil bruke kyrkja igjen når den er klar.

Vi er utruleg takksame for alle frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane, både i Fjell og i dei andre kyrkjene.

Tweens

Vi er no fire tilsette, som rullerer på å ha ansvaret på Tweens. Vi er alltid to tilsette på kvar klubbkveld pluss fleire trufaste, trygge vaksne som stiller gong etter gong. Helge Nilsen har starta KRIK-Tweens i gymsalen,

og bruker LED-ungdom som får praktisere som leiar i ei gruppe. Vi samarbeider med idrettslaget på Skålevik, slik at Tweens-arrangementene ikkje kolliderer. Frå hausten fekk vi ikkje bruke kyrkjerommet, men det har gått fint. Antal Tweens: 15-60 , antal vaksne: 5-8.

Tweens+

Tweens+ gjengen (8. klasse og oppover) har vore ei lita gruppe ungdommar på 2-8 stk, som både deltek og er hjelpeleiarar på Tweens. Dei er dyktige og veks med oppgåvene. Mange av dei er med på ungdomsarbeid i andre kyrkjer i tillegg.

Søndagsskule

Søndagsskulen vart starta opp igjen i starten av februar. Dåpsgudstenestane vart prioriterte av våre trufaste leiarar. Ca. åtte av 13 søndagsskuler var delte, kor dei som ville var i kjellaren, og dei over skulealder var i gymsalen kor det både var aktivitet og andakt. Vi bruker framleis Sprell Levande, men leiarane vel sjølv kva opplegg dei vil bruke. Antal i kjellar: 1-15 barn, antal i gymsal: 1-7.



Konfirmantar

I Fjell kyrkje vart 110 konfirmantar konfirmert i april og mai. Hausten 2023 har vi 70 konfirmantar. Det er ein del færre enn det var i fjor. Klart var det eit større kull i fjor, og mykje av det er prega av at kyrkja er under restaurering. Vi merker det godt, men vi er eit godt team som jobbar saman, sjølv med færre rom å dele.

Vi starta med T14 24. august. Her var både spente konfirmantar og konfirmantforeldre. Sjølve konfirmantundervisninga braka laus med Konfirmantweekends på Skjergardsheimen dei to fyrste helgene i september. Her hadde vi det mykje moro og konfirmantane fekk utdelt Bibelen sin, samt opplæring i korleis ein finn fram i den. Dei fekk òg god bibelundervisning. Ein fordel med å ha leir så tidleg var at vi lærte namna til dei fleste konfirmantane og dei fleste sit framleis.

Når det kjem til konfirmantundervisninga har gruppeinndelinga variert. No er gruppene på ca. 24 konfirmantar kvar.

Grunna restaureringa av kyrkja og at vi har færre rom å bruke, vart det utfordrande å bruke same opplegg som vi bruka i fjor. Vi har og konfirmant-samlingane seinare på kvelden og difor ikkje varmmat, slik det var for 2022/2023-konfirmantane. Når det er sagt, får årets konfirmantkull fruktpause. No ser vi


fram til konfirmasjonar i slutten av april 2024 og til kyrkjerestaureringa er ferdig.

KRIK for alle

KRIK Ulveset har hatt nesten to års pause. Vi starta opp igjen hausten 2023 med ungdomskole-KRIK på Ulveset skole tysdagar frå kl 18-19.30. Vi har vore ein fin gjeng på ca. 10-12 ungdommar som har vore med på leik, ballspel og andakt. Vi har også vore ein laurdag i haust på Brann stadion og heiet Brann til seier. Leiarane var lokale og vi har hatt eit fint samarbeid med KRIK-linja på bibelskolen Bildøy som har hatt praksis i KRIK Ulveset.

KRIK Vestsio vart starta opp i haust for vidaregåande ungdommar og oppover. Basen har vore på Skogtun Camping i villmarksleiren der. Vi har hatt fire samlingar med ca. 20 deltakarar. Det har vore ein fin blanding av bibelskole elevar og våre lokale ungdommar. Vi har grilla mat, hatt lovsong, andakt og hatt ulike aktivitetar ute i mørket. Kjempekjekke samlingar.

Voksen KRIK Sotra har i løpet av 2023 hatt 6 samlingar. Innhaldet har vore variert, alt ifrå quiz-konkurransar i Fjell kyrkje, mat og ein andakt, til Melodi Grand Prix finale på bedehuset på Møvik/Skoge. Vi har møttest på Skogtun Camping med minigolfturnering med påfølgande krabbefest og Krabbequiz. Det er ca.15-30 personar som deltek.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR



ÅRSMELDING FOR MUSIKK

Også i 2023 har vi hatt mykje fint musikkarbeid i kyrkja

Organist Anna Malgorzata Tveit arbeidde i Fjell første halvdel av året. Ho spelte til gudstenester og gravferder og arrangerte konsertar og salmekvelder. Nokre av desse var i samarbeid med Sund sokn. Haust-halvåret har vi hatt vikarar. Vi fekk i 2024 tilsett ny organist i kyrkja vår: Solveig Karoline Flekstad Vik, som tiltrer stillinga i august.

Gospel-søndag

Gospel-søndag hadde to songkvelder i Fjell kyrkje våren 2023. På hausten vart arrangementet flytta foreløpig til Foldnes kyrkje. Her er det band og solistar som står for musikken, med ulike innspill frå andre aktørar.

Kor- og brass-arbeid

Kora våre øver i kyrkja og deltek på ulikt vis gjennom året. Alle gruppene har gledd kyrkjelyden med vakre tonar og inspirasjon.

Sotra Reviderte øver kvar tysdag under leiing av dirigent Olav Sørheim. Koret har 15 medlemmer.

Fjell barnekor øver annankvar tysdag. Cathrine Samland er dirigent og Eivind Kausland Lie spelar til. Ca. sju barn er med i koret, og dei har hatt 15-20 øvingar. Dei har hatt fire opptredener og mellom anna deltatt på ei gudteneste på julaftan.

Øygarden kyrkjebrass øvde i Fjell kyrkje fram til renoveringa og øver no i andre lokaler inntil vidare. Brassen har 14 medlemmer ved dirigent Olav Sørheim.

Fjell Vocalis øvde i kyrkja fram til sommaren 2023.

Konsertar og musikkarrangement

- 16. februar: Salmekveld
- 19. februar: Gospel-søndag
- 4. mars: Klassisk konsert med bilete-utstilling
- 29. mars: Salmekveld
- 16. april: Gospel-søndag med gospelkoret Lokal Vokal
- 24. mai: Salmekveld
- 30. mai: Avslutningskonsert med Fjell barnekor og Landro barne- og teenskor
- 11. oktober: Ein allsongkveld i a-dur
- 17. desember: Vi syng jula inn





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



Astrid Fylling
Diakon

Etter eit spennande år med mange nye idear i 2022, vart 2023 delt i to, med og utan ope kyrkjebygg. Våren var fylt med ope kyrkje på onsdagar, aktiv turgruppe, besøk av barnehagar, samtalar og to formiddags-samlingar med treff der fleire frivillige var med og bidrog. Det kom fleire og fleire menneske innom kyrkja på

onsdagane og dei seier at det er viktig for dei å treffast. Vi hadde ikkje ope kyrkje i sommar. Det er ei vurdering som godt kan gjerast om igjen. For fleire, er sommaren lang og litt tung. Samstundes er det ikkje lett å gjennomføra når mange har ferie.

I september fekk diakonen vere med på to konfirmantleirar. Det var veldig kjekt. 13. september hadde vi busstur til Øystese. Det var ei god oppleving vi gjerne kan ha om att. 40 menneske var med og gjorde dagen flott for kvarandre.

Den opne kyrkja var ikkje open i haust, og heller ikkje møttest vi på formiddagstid på onsdagar. Det har vore eit sagn. Diakonen har hatt einskildsamtalar med menneske som har behov for det, men ikkje noko fellesskap å ta dei med inn i.

Frivillighetsdagane på Sartor gjekk veldig fint. Mange var engasjert og opplevde det kjekt.

I oktober arrangerte vi sorgkveld i samarbeid med dei andre kyrkjelydane i kommunen. Sølvi Helen Hopland

heldt foredrag om temaet: «Frå glede til sorg og tilbake». Seminaret vart halde i samarbeid med Askøy der vi engasjerte Sølvi Hopland for to kveldar, ein på Askøy og ein i Øygarden. Det å ha eit slikt seminar er ein tradisjon og vel verd å få med seg.

Allehelgensdag vart markert som vanleg, både med stand på Sartor laurdag og gudsteneste søndag. Det er ei sterk oppleving å kunne møte menneske med ei gåve,- eit lys og omsut. Fleire stoppa opp og tok ein liten prat med oss som sto på senteret. Kyrkja er ikkje redd for å snakka om døden, og det får menneske oppleve også rundt allehelgensdag. Gudstenesta var god og det er godt å kunne minnes kvar enkelt av dei som er gått bort siste år, med å lese namnet og å tenne eit lys.

I november starta vi opp med ny sorggruppe for heile kommunen i samarbeid med kreftkoordinator. Samlingane er framleis på Biblioteket på Straume. Dette er eit tilbod som vil halda fram og talet på dei som melder seg avgjer kor mange grupper vi skal ha. I år har vi ei gruppe.

Julaftan arrangerte vi «Jul for alle» i samarbeid med KFUK/M, Fellesskap for alle og André Clausen frå Aldri Alene. Vi fekk ei raus gåve frå Sparebanken Vest og kunne då gå i gang. Arrangementet vart heldt i lokalet der Spisekroken hadde restaurant. Det kom ikkje så mange som påmeldt, men arrangementet var veldig viktig for dei som kom. Vi satsar på å gjere dette om att i 2024, med tidlegare planleggingsstart, betre PR og større oppslutnad. Dette er eit viktig arrangement for alle som av ein eller annan grunn ikkje har nokon å feire jul saman med.

Medarbeidarane i Fjell sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Per Hjemdal	Sokneprest
Anne L. Kaldestad	Soknetamleiar
Vikarer	Organist
Tove Olene Foss Solvang	Administrasjonskonsulent
Ole Kristian Hamre	Kyrkjelydsarbeidar
Søgnie Lillevik Nilsen	Kyrkjelydspedagog
Hermund Lie Røsten	Ungdomsarbeidar
Astrid Fylling	Diakon
Janne-Lin Fjeld Andersen	Kyrkjjetenar
Ingalis Apelthun Malmo	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskapan for Fjell sokneråd 2023

Fjell sokneråd har i 2023 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 119.335.

Samla utgifter utgjer kr 517.601 og samla inntekter utgjer kr 636.936. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Fjell sokneråd.

Fjell sokneråd har i 2023 brukt kr 77.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

Offer innsamla til eigne verksemd utgjer kr 98.296 i 2023. Offer til andre formål utgjer kr 213.019 og er utbetalt til ein rekke formål i 2023. I fast gjevarteneste er det samla inn kr 68.200. Vidare har Fjell sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 96.230. Av dette er det mellom anna motteke kr 19.075 til «Lyd og bilde» og kr 21.450 til barne og ungdomsarbeid.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Fjell sokneråd på mange ulike måtar i 2023.

